

GAG1-MN7C-KR6N

- Norwegian Bokmål
 Norwegian Nynorsk

GAG1-MN7C-KR6N

Søknadsskjema for utviklingsmidlar for arkivsektoren 2016

Om søker/prosjektansvarleg

| | |
|----------------------------------|---|
| Navn på organisasjon/institusjon | <u>Telemarksarkivet</u> |
| Leiar for organisasjonen | <u>Dag Rørgmoen, leiar for styringsgruppa</u> |
| Postadresse | <u>Eidsborg</u> |
| Postnummer | <u>3880</u> |
| Poststad | <u>Dalen</u> |
| Telefon organisasjon | <u>35069090</u> |
| Navn på kontaktperson | <u>Benedikte Nes</u> |
| Telefon kontaktperson | <u>93439712</u> |
| Epost kontaktperson | <u>bn@vtm.no</u> |
| Nettside organisasjon | <u>www.telemarksarkivet.no</u> |
| Organisasjonsnummer | <u>985231931</u> |



Om prosjektet:

(Tekstfeltet kan gjerast større ved å dra i nedre høgre hjørne)

Tittel på prosjektet:

Regional bevaringsplan - utvikling av ei wiki-basert tilnærming

Kort kva søknaden gjeld:

Utarbeide ein bevarings- og innsamlingsplan for privatarkivarbeidet i Telemark, ut frå målet om ein representativ bestand som speglar samfunn og utvikling. Planen skal bli eit dynamisk arbeidsverktøy for arkivarane i nettverket Telemarksarkivet. Prosjektet siktar mot utvikling av ei ny wiki-basert tilnærming til utarbeiding av bevaringsplanen. Dette vert ein open prosess

som kan ha stor overføringsverdi for liknande planarbeid i andre fylke.

Samandrag av prosjektet:

(Maks 75 ord)

Telemarksarkivet vil i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt utvikle ny metodikk for utarbeiding av regional bevaringsplan. Tenesta lokalhistoriewiki.no vil vere ein sentral ressurs i prosjektet – for innsamling av informasjon, for kontakt og til formidling. Prosjektet vert delt inn i tre hovudområde: 1) bestandsoversikt 2) samfunnsoversikt 3) analyse og utarbeiding av plan. Den kollektive historieskrivinga på wikien vil fungere som ei utvida referansegruppe. Arbeidet med wikien vil stimulerer til utvida kontakt mellom brukarar, arkivskaparar og depotinstitusjonar.

Omtale av prosjektet:

Telemarksarkivet vil samarbeide med Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) for utvikling av ei metode basert på lokalhistoriewiki.no (LW) som sentral ressurs. NLI har brei erfaring frå ulike samarbeidsprosjekt med andre aktørar, der ein brukar wikien som basis for utvikling av nye tenester og funksjonalitet.

Fokuset på kollektiv historieskriving, samt bruken av LW som informasjonskanal for prosjektet og Telemarksarkivet, vil sikre at dette vert ein open prosess som kan stimulere til utstrakt kontakt mellom bevaringsinstitusjonar, arkivskaparar og brukarar.

Telemarksarkivet representerer noko nytt i Telemark – ei koordinert satsing på bevaring og formidling av privatarkiv frå heile regionen. Dette gjer det ekstra viktig å gjennomføre eit samlande prosjekt, der me kan få etablert grunnleggande oversikt over bevaringssituasjonen i fylket og få jobba fram ein felles, målretta kurs for det vidare arbeidet.

Prosjektet vil vere delt inn i tre hovudområde:

1. Bestandsoversikt
2. Samfunnsoversikt
3. Analyse og vurderinger, utarbeiding av

bevaringsplan

Me vil skissere mål og hovudtrekk, men kan ikkje her presentere ei detaljert skildring av korleis wiki-tilnærminga vil bli integrert i prosjektet. Sjå vedlagt notat frå NLI for meir informasjon om moglege løysingar. Det vil vere aktuelt å gjere bruk av LW som ressurs både i del 1 og 2. Utover dette vil prosjektet omfatte samanfatting og analyse av tilgjengelege data, og på basis av dette må Telemarksarkivet utarbeide føringar for det vidare arkivarbeidet i fylket.

Om val av metode

Målretta innsamling og bevaring av privatarkiv føreset at det må ligge til grunne ei omfattande oversikt over den historiske samfunnsutviklinga i regionen vår. Ved val av metode har me lagt vekt på desse punkta:

- Metoden må vere rasjonell i høve til å samle inn mykje informasjon innafor avgrensa rammer (tid og økonomi).
- Det demokratiske prinsippet. Ha ei brei tilnærming til historia, sikre at mange perspektiv og stemmer kjem fram.
- Bevaringsplanen skal vere eit dynamisk dokument, som må oppdaterast heile vegen for å vere eit relevant reiskap. Dette er særleg viktig i vårt fylke, sidan me inntil nyleg har mangla ei ordning for privatarkiv og det difor er å vente at det vil bli samla inn mange nye arkiv i åra framover.
- Telemarksarkivet er nyleg etablert. Det er stort behov for å gjere arkivskaparar og potensielle brukarar kjent med arkivsatsinga.

Ut frå desse føresetnadene ser me vesentlege fordelar med ei wiki-basert tilnærming til utarbeiding av bevaringsplanen:

- Det er rasjonelt å bruke ressursar som allereie finnast, og spele på alle der ute som sit inne med lokalhistorisk kunnskap. Wikien vert slik sett å betrakte som ei utvida referansegruppe i prosjektet.
- Wikien er eit døme på kollektiv historieskriving, i harmoni med det demokratiske prinsippet.
- Wikien vil stadig bli forbетra. Det er eit dynamisk dokument som ikkje blir utdatert.
- Arbeidet med wikien vil knytte

depotinstitusjonane og arkivarane nærmare arkivskaparar og (potensielle) brukarar.

På LW er det pr i dag om lag 1200 artiklar og over 5000 foto som høyrer inn under kategorien Telemark. Prosjektet vil legge opp til aktivitet for å stimulere relevante miljø (fagmiljø ved Høgskulen, lokale historielag, bibliotek osb) til å yte inn i wikien, slik at me får eit så utfyllande materiale som mogleg frå regionen.

Samskapinga av lokalhistorisk innhald vil sjølvsgart vere ein pågåande prosess, som held fram etter at prosjektperioden er over.

LW har funksjonalitet som gjer det mogleg å få ut datasett i sorterbar tabellar, der ein enkelt kan «kna» data og veksle mellom innfallsvinklar til materialet (t.d. kommune, epoke, type verksemd osb). Data kan eksporterast til rekneark for vidare bearbeiding. I prosjektet vil me sjå på korleis ein kan knytte hovudkategoriane i Asta opp mot emnekategoriseringa i lokalhistoriewiki, slik at ein på ein enkel måte kan få ut oversikter som kan brukast vidare i analysen.

Som del av prosjektet vil arkivarane i Telemarksarkivet etablere ei eiga side på lokalhistoriewiki, med presentasjon av arkivtenesta og ei oppdatert oversikt over bestand, med lenking til Arkivportalen. Det kan vere praktisk å bruke ei løysing med sorterbar tabell, slik Oslo byarkiv har på wikien. Arkivarane vil sette seg mål om at det skal finnast artiklar på lokalhistoriewiki for alle arkivskaparar som er representert i depot ved musea. Det må innarbeidast ei rutine for dette, gjerne i samanheng med publisering av arkiv på Arkivportalen.

NLI har utvikla eit malsystem for lenking frå lokalhistoriewiki til Arkivportalen, Digitalarkivet, Digitalt Museum med fleire. Det gjer det enkelt å få ut rapportar over artiklar som har lenking til dei respektive nettressursane. Lenking til Telemarksbilder vil og vere aktuelt.

Ei wiki-basert tilnærming vil ha styrke og utfordringar. Det kan vere ei utfordring å basere samfunnsanalysen på materialet i wikien, sidan

det ikkje er nokon garanti for at artiklane der vil vere tilstrekkeleg dekkande. Prosjektet legg opp til å identifisere område med tynt belegg og styre innsatsen inn mot miljø som kan vere med på å fylle ut det samla puslespillet som utgjer historia til Telemark. Me vil og gjere bruk av sekundærkjelder og oversiktar frå Norsk senter for forskningsdata, for å sikre heilskapen i samfunnsanalysen. Det vert like fullt ikkje lagt opp til å bruke mykje ressursar på dette punktet, sidan me har eit mål om å skape ein levande plan – ein pågåande prosess – som over år vil gje stadig betre grunnlag for kloke vurderingar i arkivarbeidet. Denne erkjenninga må ligge til grunn som premiss i prosjektet.

Meir om dei tre hovudområda i prosjektet:

1) Bestandsoversikt

A. Intern gjennomgang av bevart materiale (arkiv og fotosamlingar) ved depotinstitusjonane i Telemarksarkivet. Alle arkiv skal registrerast på overordna nivå i ASTA, med dei metadata som er naudsynte for å kunne køyre ut rapportar sortert på aktørtype, geografi, tidsperiode, nærings- og organisasjonskategori. Det er aktuelt å bruke rapportfunksjonen i Arkivportalen. Det vil og vere aktuelt å presentere informasjon om bestand på LW.
 B. Kartlegging av privatarkiv og fotosamlingar som vert tatt vare på av andre i Telemark (Lokalhistorisk arkiv i Vinje, bibliotek, historielag m. fl.). Det vil vere viktig å hente inn same type metadata som i pkt. A så langt det er mogleg. Kartlegging av materiale ved depotinstitusjonar utanfor fylket (Statsarkivet, Riksarkivet m. fl.) basert på Arkivportalen.

2) Samfunnsoversikt

Gjennomgang av materialet på wikien under hovudkategori Telemark, kjøre ut rapportar for delområde og identifisere geografiske område, nærings- og organisasjonskategoriar med tynt belegg. Sette i verk tiltak for å stimulere til auka produksjon av innhald på lokalhistoriewiki. Legge til rette for utarbeidning av oversiktsartiklar for epokar i samfunnsutviklinga. Samarbeide med relevante miljø, særleg dei lokale historielaga

som musea allereie har tette band til. Bruke sosiale og tradisjonelle media, arrangere møter og workshops. Vurdere konkurranse eller anna form for «belønning» som kan inspirere til felles dugnad.

3) Analyse og vurderingar, utarbeide bevaringsplan

I samarbeid med NLI vil Telemarksarkivet utvikle funksjonalitet for uttrekk av relevante data og presentasjon av informasjon. Samanhaldet informasjonsgrunnlaget frå wikien med oversiktar i historieverk, samfunnsdata, diverse sekundærkjelder. Analysere og presentere eit historisk oversyn over samfunnsutviklinga i Telemark.

Analysere samla bestand av privatarkiv i depot, samt resultat frå kartleggingsrunde. Skape oversiktlege presentasjoner av dette ut frå ulike inngangar til materialet (geografi, type aktør, næring osb).

Ved å samanlikne resultat av bestandsanalysen med samfunnsanalysen, vil ein kunne sjå i kva for grad eksisterande bestand er representativ i høve til å dokumentere samfunnsutviklinga i Telemark. Målet er å etablere eit systematisk grunnlag for gode prioriteringar. I planen vil me kunne peike ut samfunnsområde og grupper som er underrepresentert i det innsamla arkivmaterialet. Det er viktig at prosessen er open, slik at det bakt inn i planarbeidet ligg ei oppmoding til publikum om å bidra til innsamling av relevant materiale.

Telemarksarkivet legg opp til å gjere ein vesentleg eigeninnsats i prosjektet, og ynskjer å søkje pengar til frikjøp av tilsette til prosjektleiing for å sikre gjennomføringa av områda 1 til 3. Me er opptatt av å halde på kompetanse og nettverk ein bygger opp i prosessen, slik at arbeidet med ein levande bevaringsplan kan halde fram etter at prosjektet er over.

Framdriftsplan:

Start dato (dd.mnd.år):

01.09.2016

Slutt dato (dd.mnd.år)

15.12.2017

Aktivitetar/milepælar:

(List opp aktivitetar med startdato og slutt dato for kvar aktivitet)

01.09.2016 – 30.04.2017

Registrere metadata for arkiv og fotosamlingar som er i depot hjå partnarane i Telemarksarkivet, publisering fortløpande på Arkivportalen og Digitalt Museum (foto).

01.09.2016 – 31.10.2016

Analysere informasjonstilfanget for Telemark fylke i LW. Peike ut målgrupper/samarbeidspartnarar som kan være ressursar i samskapinga av innhald.

01.09.2016 – 01.12.2017

Samarbeide med NLI om tilpassing av LW, utvikling av ny funksjonalitet ved behov

01.11.2016

Lansering av sida Telemarksarkivet på LW, med informasjon om prosjektet og oversikt over bestand (som må oppdaterast i takt med publiseringa på Arkivportalen).

01.11.2016 – 01.09.2017

Tiltak for å stimulere til auka produksjon av innhald på LW.

01.12.2016 – 30.04.2017

Kartlegging av arkivmateriale frå Telemark som er tatt vare på av aktørar utanfor Telemarksarkivet. Vurdere presentasjon av kartlegginga på sida til Telemarksarkivet på wikien, etter avtale med dei aktuelle depotinstitusjonane.

01.09.2017- 15.12.2017

Gjennomføre bestandsanalyse og samfunnsanalyse for Telemark. Samanhilde bestand vs samfunn for å avdekke geografisk og tematisk underrepresentativitet. Utarbeide bevaringsplan.

15.12.2017

Publisere samandrag av plan og prioriteringar på sida til Telemarksarkivet (LW).

Andre opplysningar om framdrift:

Framdrifta vil vere avhengig av graden av ekstern finansiering.

Samarbeidspartar: Ja Nei**Samarbeidsparter:**

(Har de fleire enn 3 samarbeidspartar må desse listast opp i eige vedlegg)

Namn

Norsk lokalhistorisk institutt

Formell avtale inngått?

 Ja Nei

Postadresse

Postboks 8045 Dep

Postnummer/stad

0031 Oslo

Tlf kontaktperson

40444028

Rolle til kontaktperson

Chris Nyborg, Rådgjevar**Er det fleire samarbeidspartar du ønsker å liste opp?** Ja Nei**List opp alle samarbeidspartar med:**Formell avtale
ingått? Ja Nei

Postadresse

Statsarkivet i Kongsberg
Frogs vei 44

Postnummer/poststad

3611 Kongsberg

Tlf kontaktperson

32869926

Epost kontaktperson

oysode@arkivverket.no

Rolle til kontaktperson

Øystein Ødegården, medlem av styringsgruppa
til Telemarksarkivet; privatarkivkoordinator for
Telemark**Er prosjekt:** Ettårig Fleirårig

Budsjett første år:

kva utgift (til dømes løn, reiser, varer/tenester, anna), kort omtale,

Sum for kvar post

1. årProsjektleiing, 3 mnd verk 150 000Kjøp av eksterne tenester (NLI, evt andre) 50
000Kartlegging av eigen bestand, bestand hjå

| | |
|--|--|
| andre, 5 mnd verk 250 000 Reiser, arrangement 50 000 | |
| 2. år Prosjektleiing, 5 mnd verk 250 000 Kjøp av eksterne tenester (NLI, evt andre) 50 000 Kartlegging av eigen bestand, bestand hjå andre, 7 mnd verk 350 000 Reiser, arrangement 50 000 | |

Sum utgifter
1200000

Liste over inntektspostar, merk om postane er stadfesta eller ikkje.
Sum på kvar post

| |
|--|
| Eigenfinansiering: 600 000 |
| Tilskot frå Riksarkivet: 400 000 (ikkje stadfesta) |
| Tilskot frå Kulturrådet: 200 000 (ikkje stadfesta, vil søkje støtte frå Kulturvernmidlar og Museumsprogrammet) |

Søknadssum

Søknadssum Riksarkivet: 400000

Egenfinansiering og kva type: 600000 (løn, eigne driftsmidlar); 400 000 (tilskott, frå andre)

Sum inntekter: 1200000

Liste over vedlegg

| |
|--|
| Notat frå Norsk lokalhistorisk institutt: Samarbeid mellom Telemarksarkivet og Lokalhistoriewiki – bevaringsplan for privatarkiv |
|--|

Alle vedlegg skal sendast som PDF til epost:
arkivutvikling@arkivverket.no

Søknad lasta opp av:

| | |
|------------------|----------------------|
| Namn: | <u>Benedikte Nes</u> |
| Epost: | <u>bn@vtm.no</u> |
| Dato (dd.mm.år): | <u>15.03.16</u> |

Du har nå registrert ein søknad. **Hugs å trykke avslutt nedanfor.**
Kvittering og kopi av søknad vil bli sent til din e-post.

Nytt søknadsskjema åpnast i ny fane, hugs å trykke avslutt på
forrige søknad for å få kvittering

Vil du laste opp flere søknader, trykk Ny søknad: